



Fløysand Va AS
Fløksand
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/2657 - 17/8528

Saksbehandlar:
Reidun Iden Lædre
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:
05.05.2017

Godkjenning - utslepp frå fritidseigedom gbnr 52/59 Kårbøneset.

Administrativt vedtak. Saknr: 114/2017

Saksutgreiing:

Det er i søknad , journalført 03.04.2017, søkt om utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/59, Kårbøneset.

Anlegget det er søkt om er eit Jetz anlegg med slamfilter/infiltasjonstank for gråvatn og komposteringstank for svartvatn. Det skal etablerast 2 separate infiltrasjonsgrøfter.

Nabovarsel:

Søknaden vart nabovarsla i tida 29.03.2017 – 31.03.2017 i samsvar med pbl §21-3. Det ligg ikkje føre merknader.

Plangrunnlag:

Eigedomen ligg i område som i kommunaplanen sin arealdel for Meland er avsett til hytteområde. Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Vurdering:

Anlegget det her er søkt om, kan etter administrasjonen si vurdering, nyttast i områder der slamtømming ikkje er mogeleg og det ikkje er fare for at infiltrasjonvatn fører til vanskar for naboar eller opne vassdrag.

Svartvatnet må ha komposteringstank før infiltrasjonsgrøfta. Gråvatnet må ha filterløyising eller gråvasstank før infiltrasjonsgrøfta.

Det må etablerast to sepatate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatn ikkje transpørterer svartvatn frå toalettet.

Urinseparerande toalett vert ikkje tillete.

Eigar av utsleppet er til ei kvar tid ansvarleg for eventuell forureining, jf § 7 i forureiningslova.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarsrettar i sak gjeld i samsvar med innsendt erklæring,

Utsleppet det her er søkt om er etter Meland kommune si vurdering i samsvar med gjeldande krav i området. Administrasjonen kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing sin § 12-5.

Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utslepp frå ein fritidsbustad på eigedomen gbnr 52/59 på Kårbøneset i samsvar med søknad journalført motteke 03.04.2017 og på følgjande vilkår:

- Gråvassutsleppet må ha filterløysing eller gråvassstank før infiltrasjonsgrøfta.
- Svartvatn må ha komposteringstankt før infiltrasjonsgrøfta.
- Det må etablerast to sepatate infiltrasjonsgrøfter, kvar på 5 meters lengde. Det er viktig at grøftene har nok avstand, slik at gråvatnet ikkje transporterer svartvatn frå toalettet.

Eigar av anlegget er ansvarleg at for eventuell forureining, jf § 7 i Forureiningsforskrifta.

Ansvarsrettar gjeld i samsvar med innsendt erklæring, jf pbl § 23-3»

Gebyr for sakshandsaming vert sendt til tiltakshavar.

Bortfall av løyve:

Er arbeidet ikkje igangsett seinast 3 år etter at løyve er gjeve, eller vert arbeidet innstilt i lengre tid enn 2 år, fell retten til å etablere utsleppet vekk. Dersom utsleppet framleis er aktuelt må ny søknad sendast inn.

Mynde:

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke.

Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

kart

Kopi til:

Helge Furnes Samuelsen

Tom Pedersen

Herman Grans vei 5162
17 A

LAKSEVÅG

Mottakere:

Fløysand Va AS

Fløksand 5918

FREKHAUG